



BARMARKSLØYPER

Drivheia - Kleivvann

Havrefjell Turlag
Aust-Agder Turistforening
Turlaget for Risør, Gjerstad
og Nissedal

Drivheia: Lettgått rundløype, som for det meste går på fjell, gjennom spreidd gammal furuskog og open hei med vid utsikt. Frå P-plass i aust ved Kleivvasstjenna er rundløypa på 6,5 km og frå P-plass i vest ved Torbjørnsli er den på 4,8 km. Hjelp oss å ta vare på den urørte Drivheia. Fyr aldri rett på fjell. Ikke lag nye bålpassar. Spar all vegetasjon, også gamle tørre furutrær.

Krigsmallestien til Sjølvskottjenna: Frå P-plass ved Torbjørnsli er det 2,3 km på sti inn til Sjølvskottjenna. Der kom det 30. september 1944 eit fly frå England som slapp ned 24 fallskjermar med våpen og utstyr til Milorg.

Plakett og informasjon ved turbokkassa. Gå gjerne heile rundløypa frå P-plass ved Torbjørnsli, via Sjølvskottjenna og rundt Hestheia (8 km), eller i større runde via Markset til Oterstjenn og over Drivheia tilbake.

Jordhytta i Øygardslia: Frå P-plass ved Kleivvann er det 2,1 km på sti inn til jordhytta der Nils Vevstad budde i mange år. Hytta er restaurert og står ope for turfolk. Informasjon inne i turbokkassa. Gå gjerne vidare til Sletteberg på merka sti. Har du kart kan du lage din eigen rundtur vidare langs bilvegen til Svarvaren, på kort merka sti over til Bråten og langs bilveg tilbake til Kleivvann (9 km).

Bandtvang 01.04 - 20.08
Dogs must be on a leash
Bålforbod 15.04 - 15.09
Campfire is forbidden
Motorisert ferdsel er ikke lov i utmark.
Hjelp oss å halde naturen rein og urørt. God tur.
Help us keep nature pure and untouched. We wish you a good hike.
Betal vegavgift ved bomkassa ute ved innkjøringa. Vegbommen ved Kleivvann står open i barmarksesongen. Om vinteren blir vegen derifrå brukt til skiløype.

Som turkart over området anbefalast **Turkart Gjerstad** utgitt av Friluftsrådet Sør. **På tur - Gjerstadskogene - Gaufetallheia** er ei bok over området med turforslag. Denne er gitt ut av Havrefjell Turlag, Helle naturfoto og Kragerø Turistforening.

Turforslag og meir informasjon finn du på:
havrefjell.dnt.no

Ta eit foto som hugselapp
Take a photo as a reminder

